



Ivar Skippervold
Rosenberggate 2
4790 LILLESAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1919 - 18/30994

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
10.10.2018

Utvida utsleppsløyve for fritidsbustad og anneks - gbnr 129/14 og 129/72 Titland søndre

Administrativt vedtak: **Saknr: 554/18**

Byggestad: Gbnr: 129/14 og 72
Tiltakshavar: Ivar Skippervold
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utvida utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 129/14 og anneks på gbnr 129/72.

I samband med oppføring av fritidsbustad på eigedomen gbnr 129/14 vart det i vedtak datert 01.09.2015 i sak 14/6740 gitt utsleppsløyve for gråvatn. Utsleppet skulle reinast i slamavskiljar og sandfiltergrøft før det vart ført vidare til bekk med heilårs vassføring.

Det vert no søkt om utvida utsleppsløyve for fritidsbustaden på gbnr 129/14 der det skal installerast vassklosett. Søknaden omfattar også utslepp frå anneks til fritidsbustaden som står på eigedomen gbnr 129/72. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedomane skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande sandfiltergrøft og borehol som går til sjø. Utsleppsdjupna er oppgitt til 15 meter.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 4 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 27.08.2018.

Planstatus



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggjeområde for fritidsbustadar.

Tiltaket gjeld endring av eksisterande utslepp og vert vurdert å vera i omfatta av dei dispensasjonar som vart gitt ved etablering av fritidsbustad på gbnr 129/14.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Eigar av gbnr 129/10 og 129/19 skriv i e-post 23.08.2018 at han ikkje har merknader til søknaden dersom tiltaket vert utført i samsvar med dei vilkår som er sett i vedtak frå hamnestyresmaktene og fiskeridirektoratet.

Fiskarlaget Vest har i skriv datert 24.07.2018 kome med merknader til søknaden. Dei viser til Fiskeridirektoratet sin uttale i saka og peikar elles på ansvaret for å oppretthalde eit reint og produktivt hav og at styresmakta i forureinings saker, må sjå større område under eitt og ikkje kvar einskild sak for seg.

Uttale frå anna styresmakt

Bergen og Omland Havnevesen har gitt løyve til etablering av leidning i sjø i vedtak datert 21.08.2018.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 25.04.2018.

Reinseløysing

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar og sandfilteranlegg før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning gjennom borehol til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar si eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

VURDERING

Etablering av nye avløpsanlegg bør alltid søkjast å løyst for større område under eitt. I dette tilfelle er det ikkje offentleg kloakkanlegg i området eller privat felles avløpsanlegg som eigedomen kan knytast til. Søknad om utsleppsløyve for gbnr 129/14 og 129/72 kan etter kommunen si vurdering godkjennast med

utslepp via slamavskiljar og tett leidning i borehol til sjø. Utsleppet skal førast utanom, eller i tett leidning gjennom, eksisterande sandfiltergrøft som vart etablert for gråvassutsleppet på eigedomen. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Annekset som er plassert på eigedomen gbnr 127/72 vert rekna som del av fritidsbustaden på gbnr 129/14. Dersom det seinare vert søkt om bruksendring for annekset det måtte søkjast om nytt utsleppsløyve.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Det er søkt om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova . Søkna den vert handsama i eige vedtak.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 129/14 og tilhøyrande anneks på gbnr 129/72 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett leidning gjennom borehol til sjø.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 4 pe.
3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og

kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fiskarlagets Servicekontor AS	Postboks 1233	7462	TRONDHEIM
	Torgarden		
Stendal VVS AS	Blombakken 1	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Ivar Skippervold	Rosenberggate 2	4790	LILLESAND
------------------	-----------------	------	-----------